


Stafetthaldar



Dei ulike nivåa i BTI-modellen er bunde saman av brikka som strekk seg mellom nivåa. Den symbolisera ein tilsett / eining som har koordineringsansvaret, og vert kalla stafetthaldar.

Her får du meir informasjon om rolla du har som stafetthaldar.

Stafetthaldar har ansvar for:

- å koordinere og dokumentere arbeidet
- at det ikkje vert brot i oppfølginga
- halde på «stafettpinnen» til det er avklart kven som tek over som ny stafetthaldar

Barn/ungdom, foreldre/føresette eller den gravide skal være trygg på kven dei kan kontakte når dei vert følgt opp av ein eller fleire einingar/tenester.

Kven er stafetthaldar?

- Ved oppfølging innanfor ei eining (nivå 1 i BTI-rettleiaren), eller i eit enkelt samarbeid mellom to tenester (nivå 2 i BTI-rettleiaren), er det oftast **den som er tettast på barnet, ungdommen, føresette eller den gravide i kvardagen** som er stafetthaldar. Det kan være helsesjukepleiar for barn i barnehagealder, pedagogar/styrrar i barnehagen, kontaktlærar/rektor på skulen eller jordmor når det gjeld gravide.
- Ved endringar i utfordringsbildet eller ved overgang til eit nytt nivå i BTI-rettleiaren skal det **avklarast med den/dei det gjeld kven som skal være stafetthaldar vidare**. Barnet, ungdommen, foreldre/føresette eller den gravide skal ha moglegheit til å påverke kven som skal være stafetthaldar. Dette vert som oftast avtalt og avklart i samarbeidsmøter mellom familien og fagpersonane.



Kva er oppgåva til stafetthaldar?

- Innhente informert samtykke til å opprette stafettlogg og til å involvere andre einingar når det er behov for det.
- Invitere til samarbeidsmøte, setje dagsorden og være møteleiar.
- Skrive referat og oppdatere stafettlogg i forbindelse med samarbeidsmøte.
- Involvere barn, ungdom, foreldre/føresett, den gravide i planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak.
- Legge til rette for at barnet/ungdommen kan delta i samarbeidet, m.a. i forkant av møter, i møter, får uttalt seg mellom møta.
- Sikre at stemma til barnet/ungdommen kjem fram i dokumentasjonen dersom dei ikkje kan eller vil delta.
- Halde kontakt med familien og aktuelle einingar som er involvert rundt barnet/ungdommen eller den gravide.

Stafetthaldar versus koordinator

Dersom stafettloggen blir løfta til nivå 3 i BTI-retteleiren (samarbeid mellom fleire velferdstenester) må ein hugse på at barnet eller ungdommen **kan ha krav på ein individuell plan og koordinator / barnekoordinator.**

Dersom barnet eller ungdommen har krav på individuell plan / koordinator og ynskjer dette, går stafettloggen over til ein individuell plan. **Når koordinator overtek koordineringsansvaret, opphøyre rolla som stafetthaldar.**

Både **stafettlogg og individuell plan nyttar same elektroniske plattform** for samhandling og kommunikasjon. Dokumentasjonen som ligg i stafettloggen vert derfor med vidare inn i arbeidet med individuell plan.

Har barnet/ungdommen behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester, sender du søknad til Tildelingseininga i Sunnfjord kommune. Her finn du [elektronisk søknad](#) og [søknad i papirutgåve](#) om helse- og omsorgstenester.



**Har du spørsmål om rolla som stafetthaldar?
Ta kontakt med Fagutvikling:**

- **Lillian Vassbotten**
E-post: lillian.vassbotten@sunnfjord.kommune.no, tlf.nr: 57612750
- **Turi Bruland**
E-post: turi.oddveig.bruland@sunnfjord.kommune.no, tlf.nr 57816131
- **Elisabeth Flo Kyrkjebo**
E-post: elisabeth.flo.kyrkjebo@sunnfjord.kommune.no, tlf.nr 57828774

